



leike - lære - erfare
Barnehagane i Bygland

Årsplan, progresjon, kalender

2024-2025

ÅRSPLAN

for barnehagar i Setesdal



Setesdal regionråd



Innhald

Innleiing.....	2
Nettverk Setesdal Oppvekst.....	3
Mål og satsingar for barnehagane i kommunen.....	4
Om barnehagane i Bygland.....	5
Verdigrunnlaget til barnehagane i Bygland.....	6
Barnehagens formål og innhald.....	7
Å ivareta barns behov for omsorg.....	8
Å ivareta barns behov for leik.....	8
Fremje danning.....	9
Fremje læring.....	10
Fremje vennskap og fellesskap.....	11
Fremje kommunikasjon og språk.....	12
Barns medverknad.....	12
Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....	13
Overgangar.....	14
Arbeidsmåttane til barnehagen og progresjon.....	14
Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda.....	16
Fagområde.....	19
Barnehagen som pedagogisk verksemd - planlegging, vurdering og dokumentasjon.....	23
Kalendar.....	23

Innleiing

Med heimel i barnehagelova og forskrifta om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver skal barnehagen utarbeide ein årsplan:

« I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivnadene til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formål og innhald i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal og kome fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen». (Frå rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver kapittel 7. Barnehagen som pedagogisk verksemd, side 37-40)

Mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er til bruk for alle kommunale barnehagar i regionen. Det er tilrådd at ikkje-kommunale barnehagar brukar malen.

Mål med felles mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er

- **Å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet**
- **Å auke kvaliteten i barnehagane**
- **Styrke barnehagen som læringsarena**
- **Å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen**

Årsplan med progresjonsplan gir informasjon om dei overordna måla i barnehagelova og tiltaka barnehagen har for å nå desse. Personalet i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Barnehagane utarbeider detaljerte planar som viser korleis barnehagen arbeider konkret med tiltaka som er fastsett i årsplanen.

Styringsdokument:

- **Lov om barnehage**
- **Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver**
- **Vedtekter til barnehagen**

Foreldra skal gjennom planane få eit godt innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kunne sjå ein klar samanheng mellom føringane som ligg i rammeplanen og innhaldet i årsplanen til barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen.

Nettverk Setesdal Oppvekst

Nettverk Setesdal barnehage er eit kollegie- og fagsamarbeid forankra i kommunedirektørutvalet i Setesdal. Kommunar som deltek er Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Evje og Hornnes.

Nettverket har ansvar for drift av

- * styrarkollegiet i Setesdal
- * rektorkollegiet i Setesdal
- * møte med rektorar ungdomsskular og vidaregåande skular i Setesdal

Formål er kompetanseheving, kunnskapsutvikling, erfaringsdeling og lærande nettverk.

I styrarkollegiet deltek barnehagemyndigheit og styrarar frå alle barnehagane i kommunane i Setesdal. Styrarkollegiet har møte 1 gong på hausten og 1 gong på våren.

Innhald i møta er:

- * Oppfølging av nasjonale føringar, regelverk og satsingar på barnehageområdet
- * Korleis gripe nye nasjonale føringar – samanheng med eksisterande satsingar i barnehagen og vidareutvikling av barnehagen
- * Arbeid med implementering av rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver
- * Erfaringsdeling – dele erfaringar frå arbeid med oppfølging av nasjonale føringar, implementering av rammeplan for barnehagen og arbeid med barnehagebasert kompetanseutvikling.
- * Lærande nettverk – profesjonssamarbeid (Knut Roald).

Mål og satsingar for barnehagane i Bygland kommune

Bygland kommune er ein langstrakt kommune med ca. 1100 innbyggjarar. Vi ligg i midt i Agder og er ein del av Setesdal. Bygland kommune har to barnehagar/skular, på Byglandsfjord og på Bygland. På Bygland er det barnehage, barnetrinn og ungdomstrinn og på Byglandsfjord er det barnehage og barnetrinn. Det er mykje samarbeid på tvers av einingane, både for fagleg utvikling og med praktiske oppgåver. Opningstida til barnehage og SFO er 07.15 – 16.30. Barnehagane er så fleksible som mogleg ved opptak av nye barn.

Mål for barnehagane i kommunen:

- * Alle barn skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø
- * Barnehagane skal ha eit godt og inkluderande miljø som fremjar fysisk aktivitet og livsmeistring
- * Tilsette i barnehagane har god kompetanse, er engasjerte og aktive.
- * Barnehagane skal bruke lokal kultur og tradisjon i nærmiljøet til å skape identitet og tilhøyrse til kommunen

Satsingar for barnehagane i kommunen:

- Tidleg innsats og inkluderande praksis
- Realfag og digital praksis i barnehagen
- Mat og matglede
- Tradisjonsmusikk og dans i Setesdal

Tiltak i barnehagane i kommunen:

- Felles kompetanseheving med Evje & Hornnes og Åseral (REKOMP)
- Felles, intern kompetanseheving i barnehagane i Bygland
- Read Agder
- Verktøyet BRAVO-LEIKEN – utviklande leik med ord og bokstavar
- Plan for samarbeid barnehage – skule
- Matnyttig – for kosthald og matglede, i samarbeid med UiA og helsestasjon
- Aktiv bruk av song og musikk frå Setesdal i samarbeid med Gorrlaus
- Bygland kommune si satsing på levkår og helsefremjande barnehagar og skular.

Om barnehagane i Bygland kommune

Bygland kommune har to barnehagar. Sigrid Greibrokk er styrar i Bygland barnehage og Siw Homme er styrar i Byglandsfjord barnehage. Nytt hausten 2024 er stillinga kommunalsjef Oppvekst. Simon Ellingsberg byrjar i august, han vert øvste leiar for skular og barnehagar i kommunen.

I Bygland barnehage vert det 24 barn frå hausten av, og vi vil ha to avdelingar – Storestog og Lislestog. SFO held til i eigne rom i barnehagen, og vi er ein del i lag ute og inne.

I Byglandsfjord barnehage vert det 18 barn frå hausten av, og vi vil ha to avdelingar – Frosk og Rumpetroll.

I barnehagane i Bygland legg vi til rette for gode relasjonar og venskap slik at barna skal ha ein trygg kvardag i samspel med andre. Dette er ei føresetnad for å lære og oppleve meistring. Årsplanen som du nå har i handa, vonar vi gir deg eit innblikk i vår kvardag, oppgåver og ynskje for barnehageåret 2024/2025.

Hovudtema for barnehageåret 2024/2025 vert, **leike – lære – erfare!**

Alle barn skal få kjenne tryggleik og trivsel gjennom leik og læring, saman med andre barn og saman med vaksne, ute og inne. Gjennom leikande og nysgjerrige barn og vaksne kan ein til dømes erfare språk, venskap, medverknad og forståinga av å vere ein del av fellesskapet.

For barnehageåret 2024/2025 har vi dette målet for **leike – lære – erfare!**

- * Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagane i Bygland.
- * Barna skal få utforskande og leikande møte med realfag gjennom barnehagekvardagen
- * Alle barn skal erfare å vere viktige for fellesskapet

For å nå dette målet for **leike – lære – erfare!** må vi vaksne i barnehagen:

- * Fremme eit inkluderande leikemiljø der alle barn kan delta og erfare glede i leik og rettleie barna om leiken utviklar uheldige samspillmønster.
- * Observere, støtte og vere bevisste eiga rolle, i språk og leik
- * Vere nysgjerrige og bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement
- * Leggjje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna.

I tillegg vil mat og matglede vere ei satsing. Mat og måltid i barnehagen skal gje barna eit grunnlag for utvikling av matglede og sunne helsevanar. Vi har hatt Helsedirektoratet sine retningsliner for sunn mat i barnehagar som rettleiar i mange år. Men med meir fokus på mat og helse og samanhangen med fysisk aktivitet og kva vi et, får vi, både barn og vaksne, ei meir heilskapleg forståing.

Vi vonar på eit fint år saman med barn, tilsette og foreldre i barnehagane i Bygland.

Fagleg ansvarleg for årsplanen er assisterande tenesteleiar **Sigrid Greibrokk og Siw Homme**
Årsplanen vart fastsett etter at planen vart sendt på høring i samarbeidsutvalet, 2.juli 2024

Verdigrunnlag for barnehagane i Bygland kommune

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Som tilsett i barnehagen er ein viktige rollemodellar og har eit stort ansvar for at barnehagen sitt verdigrunnlag er synleg i praksis.

Samfunnsmandatet til barnehagen som institusjon er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

I barnehagelova §1 står det at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Alle barnehagar skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i Barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, som til dømes barnekonvensjonen.

I **Rammeplan for barnehagar** står det: *Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og å sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal sjå att i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.*

- * **Barn og barndom** – vi anerkjenner barndomens eigenverdi
- * **Demokrati** – barn skal medverke, ut frå alder og mogning.
- * **Mangfald og gjensidig respekt** – barna får erfare at det er ulike måtar å leve på
- * **Likestilling og likeverd** – barna skal møte eit likestilt samfunn og vere med å skape eit.
- * **Berekraftig utvikling** – barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.
- * **Livsmeistring og helse** – barn skal kjenne tryggleik og trivsel, leike og vere i aktivitet.

Vi i barnehagane i Bygland ønsker å utvikle ein barnehage med god kvalitet for barn og vaksne. Ein barnehage der alle kjenner tryggleik og viser respekt for kvarandre. Ein barnehage som legg eit grunnlag for gode val seinare i livet.

Ut i frå verdigrunnlaget kjem desse tre måla for barnehagane i Bygland:

leike – lære – erfare

For å nå verdigrunnlaget og måla har vi tett samarbeid med føresette, mellom avdelingane i barnehagen og mellom barnehagane i kommunen og i Setesdal. Vi held oss oppdatert på fag og på det som rører seg i nærområdet og i samfunnet elles.

Barnehagens formål og innhald

Frå forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, kapittel 3, side 19-25. Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. **Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng** og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

I barnehagane i Bygland vert leik prioritert. Store delar av barnehagekvardagen vår inneheld leik, og leiken skal vere ein plass for utvikling, omsorg, læring og sosial og språkleg samhandling. Verdien av den frie leiken verdset vi høgt i barnehagane i Bygland.

Vi legg Rammeplan for barnehage til grunn for vårt syn på leik:

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, venskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.

Det er mykje læring gjennom leik, både den planlagde og tilrettelagte leiken og den frie leiken. Barn som leiker, viser evne til å slappe av, la seg rive med og å ha det morosamt, aleine eller saman med andre barn eller med vaksne. Leik er og ei kjelde til humor og glede, og gjennom ulike former for leik får barna moglegheit til å uttrykke seg og å få kjenne på ei fantasiverd. Humor og opplevinga av delt glede kan bidra til å styrke forholdet mellom barn, mellom barn og vaksne, og til trivsel i kvardagen. For som vaksen i barnehagen er vi og med på leiken. Figuren under illustrerer innhaldet i ein heilt vanleg barnehagedag og korleis og kvar barn kan lære.

Rammeplan for barnehage, s 20



Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast (Rammeplanen).

Å ivareta barns behov for omsorg	Slik gjer vi det i barnehagen
<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre • I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for • Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi lyttar, ser og bygger opp om retten til å vere forskjellig og unik. • Vi har gode rutinar på tilvenning. • Vi har eit fang og kan vere ein «ladestasjon» i ein travel kvardag. • Vi fokuserer på felles opplevingar som turar og songstund. • Vi legg til rette for leik og kvile. • Vi har rom for å prøve og feile, vi hjelper kvarandre på tvers av alder og er på lag med barna. • Vi er varme, tydelege og trygge vaksne med klare grenser. • Vi møter alle barn med openheit, varme og interesse og ser dei som den dei er. • Vi støtter barna i å vise omsorg for andre og å ta imot omsorg sjølve. • Støtter og hjelper barna med å regulere kjensler

Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast (Rammeplanen).

Å ivareta barns behov for leik	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • leiken ha ein sentral plass • eigenverdien til leiken anerkjennast • det vere gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur • leiken vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi observerer og støtter barna i leik, inne og ute. • Vi lar barna få velge aktivitet. • Leikegrupper etter behov. • Felles opplevingar på tvers av alder som inspirasjon til ulik leik/aktivitet. • Vi vektlegg leiken ved å gje den mykje plass og god tid, her utviklar barna til dømes sjølvtilit, vennskap, fantasi, samarbeid, språk, meistring og å sjå ulike løysingar.
<p>Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi les bøker og lyttar til musikk. • Vi har både vaksenstyrt leik og frileik.

<ul style="list-style-type: none"> • ta initiativ til leik og bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi bytter på kva leiker vi har framme, alt etter kva barna har lyst til å leike med. • Vi hjelper barn som står utanfor, inn i leiken. • Vi brukar Bravo-leiken, det kan gje inspirasjon til nye leike-idear.
---	---

Danning

Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av (Rammeplanen).

Fremje danning	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda. • bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. • fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. • bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. • bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. • la barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samlingsstunder der barna er med på å setje ord på ulike tema og der dei får fram kva dei meiner, lage felles reglar og prate om grenser og konsekvensar og korleis vi pratar til og om kvarandre. • Samarbeide for at fellesskapet skal fungere, sette pris på likskap og ulikskap. • Vi gir barna rom for å vere seg sjølv, ved å bygge byggje opp om eigen identitet. • Vi er opptatt av at vi må respektere kvarandre sine forskjellar. • Vi svarer ærleg på spørsmål som barna undrar på, kan vi ikkje svare så undrar vi oss i lag eller finn ut av det i lag. • Vi utfordrar barna med informasjon dei ikkje kan frå før – slik får dei kan forstå nye samanhengar, lære nye omgrep og utvikle seg. • Vi bygger opp om gruppekjensla og om enkeltindividet. • Respekt for naturen, vi plukkar søppel vi finn ute og sorterer søppel inne. • Vi bruker lokalmiljøet og lokal kultur aktivt i kvardagen.

Læring

Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring (Rammeplanen)

Fremje læring	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none">• barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.• barna bli introdusert for nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling.• nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane.• barna få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt• barna få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine	<ul style="list-style-type: none">• Bruker Bravo-leiken .• Vi les mykje bøker.• Vi følgjer opp det barna er interessert i og undrar oss i lag, kvardagssamtalen er viktig.• Vi bruker digitale verktøy.• Vi har rom for å prøve og feile.• Vi gir ros og oppmuntring og rettleiar i vanskelege situasjonar.• Vi er ute på tur.• Allsidige formingsaktivitetar og materiale.• Vi lagar mat i lag.• Vi bruker heile kroppen i dans, i Hallen, på tur, i barnehagen sitt uteområde.• Vi ser på samanhengar i naturen, som froskeegg-frosk, frø-plante.• Vi har samlingsstund med fakta, eksperiment, bøker, songar.• Vi er engasjerte, aktive, oppmuntrande og inkluderande vaksne.• Vi tar barnas initiativ på alvor og legg til rette for nye aktivitetar og brukar eksisterande ting på nye måtar.• Vi er fleksible og kan avvike frå planar for å gje barna rom til å fordjupe seg.• Vi tar med barna på daglege gjeremål.

Vennskap og fellesskap

Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap (Rammeplanen).

Fremje vennskap og fellesskap	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet • alle barn vere i positivt samspel med andre barn og vaksne • sjølvkjensla til barna støttast, samtidig som dei får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi bygger opp om gruppekjensla og på felles opplevingar. Alle barn skal erfare å være viktige for fellesskapet. • Vi ser på leik som svært viktig og legg til rette for mykje og variert leik. • Vi lærer å vente på tur. • Vi er tett på barna. • Vi rettleiar i leik og legg til rette for leik og samarbeid. • Vi legg til rette for at dei som treng hjelp, vert med i leik. • Vi har leikegrupper etter behov. • Vi støtter sjølvkjensla, gir ros.
<p>Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. • førebyggje, stoppe og følgje opp mobbing, krenking og uheldige samspelemønster. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har fokus på inkludering. • Vi prater om kjensler. • Vi har fokus på fellesskapet og korleis vi prater til kvarandre. • Vi har fokus på samarbeid og å dele. • Med gode verdiar, gode haldningar og humor blant personalet så smittar det over på barna. • Vi gir barna verktøy for å kome inn i, bevare og inkludere kvarandre i leiken. • Vi oppmodar barna til å hjelpe kvarandre. • Vi har nulltoleranse for mobbing og krenkelsar og er lyttande vaksne. • Vi har handlingsplan for eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø.

Kommunikasjon og språk

Kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling (Rammeplanen).

Fremje kommunikasjon og språk	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • barna gjennom dialog og samspel støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining • barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk verdsetjast og anerkjennast • alle barn få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen • alle barn få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi bruker Bravo-leiken. • Vi les mykje bøker og spelar spel og har god tilgang på dette. • Vi har samlingsstund og songstund. • Aktive og deltakande vaksne som bruker språket i alle situasjonar. • Vi er språklege førebilete. • Vi har fokus på ulike dialektar og på ulike språk. • Vi tar det non-verbale språket på alvor. • Vi har fokus på bokstavar og på å leike med språket med rim og regler. • Vi vaksne er språklege førebilete. • Vi lagar tid og rom for den gode leiken. • Vi besøker biblioteket. • Vi anerkjenner morsmålet. • Vi bruker konkretar, slik som eventyrkoffertar.

Medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad (Rammeplanen)

Barns medverknad	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • barna sin rett til medverknad sikrast • barna bli oppmuntra til å gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda til barnehagen • barna jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda • alle barna kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen • ein vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og mogning. • barna ikkje få meir ansvar enn det dei er rusta til å ta 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi oppmuntrar barna til å vere deltakande og aktive i fellesskapet. • Vi respekterer meiningane og ønska til barna, så langt det er mogleg. • Vi har mykje tid og rom for leik; barna har stor medverknad på innhaldet i leiken, inne og ute. • Vi arbeider mykje med gruppekjensla gjennom året, det er viktig å vere trygg i gruppa for å våge å stå fram og seie det du meiner. • Vi ser etter verbale og non-verbale uttrykk og tar det med i planlegginga. • Barna får velje kva dei vil leike med. • Barna blir oppmuntra til å fortelje kva dei har gjort i løpet av dagen.

	<ul style="list-style-type: none"> • Vi arbeider med tema som barna er opptatt av. • Vi set grenser for barna på ein trygg og god måte. • Barna får erfare konsekvensar for eigne handlingar. • Vi som barnehage eller avdeling set ei ramme, barna får bestemme innafor den ramma
--	--

Samarbeid heim-barnehage

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra (Rammeplanen)

Samarbeid mellom heimen og barnehagen	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1 og forskrift om rammeplan for barnehagen kap. 5 (side 29-30)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på tilvenning, både for barn som bytter avdeling og heilt nye barn. • Foreldremøte på hausten. • Tilbod om utviklingssamtalar haust og vår og ved behov. • Brukarundersøking i november. • Vi brukar Visma Flyt Barnehage-appen til kommunikasjon mellom barnehage og heim • Daglege samtalar med foreldra ved levering og henting. • Er det noko så tar vi ein telefon eller avtalar eit lite møte, både frå foreldra og barnehagen si side. • Dagbok med kvardagsglimt i Visma Flyt Barnehage • «å vere på lag» med kvarandre, slik at barnets beste er i fokus, både på individnivå og i barnegruppa generelt. • Månadsplan. • Informasjonsskjema. • Foreldreråd og samarbeidsutval

Overganger	Tiltak – slik gjer vi det i barnehagen
<p>Når barnet startar i barnehagen Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god oppstart i barnehagen • tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn • personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. 	<ul style="list-style-type: none"> • Foreldre kan kome på besøk i barnehagen før barna byrjar i barnehagen. • Korte dagar i byrjinga, etter avtale med foreldra. • Skjema som ein må fylle ut om kontaktinfo, allergiar og liknande. • Når nye barn startar i barnehagen har vi ikkje så mange planar, det er viktigare å bli kjent i barnehagen utan for mange nye ting som skjer.
<p>Overganger i barnehagen I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • personalet sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe. 	<ul style="list-style-type: none"> • Med ei eller to avdelingar er det kort veg imellom, mykje samarbeid og felles opplevingar. Barna kjenner dei vaksne på begge avdelingane, det gjer til at overgangen vert lettare, eks. felles samlingstunder og felles uteområde. • 3-åringane som skal frå liten avdeling til stor avdeling er mykje på besøk våren før dei bytter avdeling.
<p>Overgangen mellom barnehage og skule Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til SFO • ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. • gi dei eldste barna høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. • leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. • bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. • la barna bli kjende med kva som skjer i skulen og SFO 	<ul style="list-style-type: none"> • Eige førskuleopplegg gjennom heile det siste året i barnehagen. • Samarbeid med 1.klasse. • Overføringsmøte mellom barnehage og skule i mai/juni. • Positiv fokus på skulen. • Øve på sjølvstende i påkledning og toalett-rutinar. • Samarbeid med SFO • Førskuledag i mai. Der møter ein kontaktlæraren og får sjå seg rundt på skulen og i klasserommet. • Fadderordning, 7 klasse er fadrar, desse treff dei på førskuledagen i mai.

Arbeidsmåtene til barnehagen og progresjon	Tiltaka våre – slik gjer vi det i barnehagen
<p>Arbeidsmåtene til barnehagen</p> <ul style="list-style-type: none"> • skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. • personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi møter barn og foreldre i garderoben kvar morgon. • Vi er engasjerte og involverte vaksne. • Vi observerer barnegruppa. • Vi tar innspel på alvor. • Fysisk kontakt og kos. • Vi tilpassar oss enkeltbarn og legg til rette for ulike aktivitetar. • Vi er rause vaksne. • Vi rosar barna. • Vi tar nye innspel og nye måtar å sjå ting på, på alvor. • Vi har eit variert dagsprogram. • Vi er mykje ute og på tur. • Vi gir barna moglegheit til å medverke på kvardagen sin og vi tilpassar planar etter interessa til barna. • Vi arbeider tverrfagleg og heilskapleg og ser dei ulike delane i rammeplanen i samanheng.
<p>Progresjon i barnehagen inneber at</p> <ul style="list-style-type: none"> • alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. • alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet. • barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. • barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. • barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bøker og puslespel etter nivå. • Ulike leiker på ulike avdelingar. • Førskuleaktivitetar • Aktivitetar tilpassa avdeling og alder. • Fokus på å klare sjølv under måltid og påkledning. • Ulike krav og forventningar, alt etter alder og ferdigheitsnivå. • Gjentakning og øve. • Lydhøre til interessene til barna. • Hjelp og støtte, eller begrense, alt etter ferdigheitsnivå. • God planlegging og god dialog mellom personalet. • Godt foreldresamarbeid, dialog om ferdigheiter og interesser.

Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda

Progresjonsplanen viser korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring, digital praksis og dei sju fagområda, slik det står i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet til barnehagen.»

Kva er progresjon?

Progresjon = å avansere, framgang, utvikling, gradvis auke

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang.

Progresjons-planen tar utgangspunkt i alder, 1-3 og 3-6 år. Mange punkt er like og står begge stader, men ein tilpassar utfordringane til kvart enkelt barn etter erfaring, interesser, kunnskap og ferdigheiter

Område	Praksisen til barnehagen - slik gjer vi det:	
	1-3 år	3-6 år
Omsorg	<ul style="list-style-type: none">• Vi lyttar, ser og bygger opp om retten til å vere forskjellig og unik• Vi har eit opent fang og gir fysisk omsorg som bleieskift, trøyst og mat• Vi er «ladestasjonar»• Vi er varme, tydelege og trygge vaksne med klare grenser• Vi er rollemodellar og oppmuntrar barn til å vise omsorg for andre samtidig som dei sjølve kan ta i mot omsorg.• Vi legg inn både kvile, fysisk aktivitet og leik i dagsrytmen• Vi tolker og anerkjenner barna sine signal, både verbalt og non-verbalt, på alvor	<ul style="list-style-type: none">• Vi lyttar, ser og bygger opp om retten til å vere forskjellig og unik• Fysisk omsorg, men barna klarer mykje meir sjølv og vi oppmuntrar dei til å bli meir sjølvstendige• Vi er «ladestasjonar»• Vi er varme, tydelege og trygge vaksne med klare grenser• Vi er rollemodellar og oppmuntrar barn til å vise omsorg for andre samtidig som dei sjølve kan ta i mot omsorg.• Vi anerkjenner barna sin veremåte og kompetanse

Leik	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har leik på dagsrytmen • Vi er med på leiken • Vi støtter barna sine leike-idear • Vi legg til rette for ulikt leikemateriell, ut i frå alder og interesse • Vi leiker ute kvar dag • Vi gir barna ulike sanseintrykk • Vi inspirerer og vidareutviklar leiken • Vi legg til rette for eit leikemiljø der alle kan ta del i leiken og oppleve gleda ved å leike. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har leik på dagsrytmen • Vi støtter barna i leiken, er med der det er nødvendig og trekker oss ut av leiken når leiken er etablert og barna er klare for det. • Vi oppmuntrar barna sin fantasi til å utforske og leike nye rolle-leiker • Vi legg til rette for ulikt leikemateriell, ut i frå alder og interesse • Vi leiker ute kvar dag • Vi gi barna tid og rom til å undre seg • Vi legg til rette for eit leikemiljø der alle kan ta del i leiken og oppleve gleda ved å leike.
Danning	<ul style="list-style-type: none"> • Vi tar dei non-verbale og verbale uttrykka på alvor • Vi har fokus på samarbeid • Vi er på turar i nærområdet for å styrke tilhøyrsla til det lokale • Vi pratar om rett og galt • Vi lar barna prøve ut eigne grenser 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har fokus på å samarbeide mot eit felles mål og å forstå at ein er ein viktig del for fellesskapet. • Vi er på turar i nærområdet for å styrke tilhøyrsla lokalt; som ulike lokale namn, tur-plassar, bygningar • Vi pratar om rett og galt, filosoferer rundt tema • Vi bruker leiken som metode/danningsarena
Læring	<ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar Bravo-leiken, lærer mange nye ord og uttrykk • Vi les mykje bøker, har bøker tilgjengeleg heile tida • Vi brukar leik som metode i læring • Vi følgjer opp det barna er interessert i, legg til rette for å lære og leike det dei er interessert i • Varierte opplevingar inne og ute • Vi er ute på tur, i nærområdet og i skogen 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar Bravo-leiken, mange ulike tema som latinske ord, engelsk og preposisjonar • Vi les mykje bøker, har bøker tilgjengeleg heile tida • Vi brukar leik som metode i læring • Vi følgjer opp det barna er interessert i og undrar oss og finn ut av ting i lag • Varierte opplevingar, utvide med nye erfaringane og nye plassar • Vi er ute på tur, i nærområdet og i skogen

	<ul style="list-style-type: none"> • Respekt for seg sjølv, andre og naturen • Vi ser på samanhengar i naturen, som froskeegg-frosk og frø-plante • Meistringsopplevingar og begynnande sjølvstende i rutinesituasjonar som måltid og påkledning • Vi lærer barna å sette eigne grenser og samtidig vere ein del av fellesskapet 	<ul style="list-style-type: none"> • Respekt for seg sjølv, andre og naturen • Vi ser på samanhengar i naturen, som froskeegg-frosk og frø-plante • Vi har samlingsstund med ulike tema • Begynnande sjølvstende og å klare seg sjølv i rutinesituasjonar som måltid, påkledning og toalett • Vi lærer barna å sette eigne grenser og samtidig vere ein del av fellesskapet
Den digitale praksisen til barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Vi tar bilete, skriv dagbok på Visma • Vi har iPad/telefon til å undersøke fakta, sjekke ut ting vi lurar på. • Smart-board i songstund • Vi er tilsette med digital dømmekraft og digitale ferdigheiter 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi tar bilete, skriv dagbok i Visma • Vi brukar iPad/telefon til å undersøke fakta, sjekke ut ting vi lurar på. • Smart-board i samlingsstund og songstund • Vi er tilsette med digital dømmekraft og digitale ferdigheiter

Fagområde	Praksisen til barnehagen – slik gjer vi det:	
	1-3 år	3-6 år
Kommunikasjon, språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar Bravo-leiken • Vi tar det non-verbale språket på alvor • Vi les bøker og fortel eventyr, brukar konkret som figurar og andre rekvisittar. • Vi syng mykje og høyrer på musikk • Vi brukar rim, regler og rytme, som språkkort og å klappe stavelisar. • Vi legg til rette for lek • Vi legg til rette for god dialog i lek og aktivitet • Vi støttar barna i å leike med språket • Vi brukar eit rikt og naturleg språk for å styrke språkutviklinga 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar Bravo-leiken aktivt, prater om det vi lærer, googler om det er noko vi vil finne ut meir om • Vi inviterer til ulike typar samtalar der barna kan fortelje, reflektere og stille spørsmål • Vi les bøker og spelar spel • Vi har fokus på ulike dialektar og på ulike språk • Vi har fokus på bokstavar og tal og det er eit mål at barna skal kjenne att ordbiletet av namnet sitt • Vi støttar barna i leiken med, og utforskinga av skriftspråket • Vi har eige førskuleopplegg ei gong i veka
Kropp, rørsle, mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for allsidig lek inne og ute • Vi sett ord på kroppsdelar i kvardagsaktivitetar • Vi vaskar hender før og etter mat • Vi legg inn både kvile og fysisk aktivitet i dagsrytmen • Vi er ute kvar dag heile året • Vi har eit variert kosthald • Vi bidrege til at barna utviklar eit bevisst forhold til eigen kropp og respekt for andre sine grenser. • Vi brukar Hallen • Vi høyrer på musikk og dansar 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er på tur minst ei gong i veka • Vi har skidagar, er på skitur og har sykkel dagar • Vi har fokus på kor viktig det er å ha omsorg for kvarandre og for fellesskapet • Vi har fokus på gode vanar og kunnskap om kost og hygiene • Vi har eit variert kosthald. • Vi bidrege til at barna utviklar eit bevisst forhold til eigen kropp og respekt for andre sine grenser. • Vi tar opp tema som kropp og egne grenser • Vi brukar Hallen

	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er med i Matnyttig • Vi har fokus på matglede. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi beveger oss til musikk og dansar • Vi er med i Matnyttig • Vi har fokus på matglede
Kunst, kultur og kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> • Vi spelar musikk og legg til rette for song, dans og bevegelse • Vi legg til rette for ulike formingsaktivitetar, fokus på prosess og skaparglede og ikkje produkt • Vi les bøker og fortel eventyr • Vi har tid til lek og aktivitet som fremjar glede og lyst til å fordjupe seg i lek • Vi har felles songstund ei gong i veka • Vi har besøk av <i>Gorrlaus/Domelidei</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for aktivitetar med musikk, song og dans • Vi har ulike formingsaktivitetar og gir dei erfaringar med ulike teknikkar, materiell og verktøy • Vi les bøker og fortel eventyr • Vi har tid til lek og aktivitet som fremjar glede og lyst til å fordjupe seg i lek • Vi har felles songstund ei gong i veka • Vi har besøk av <i>Gorrlaus/Domelidei</i>
Natur, miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er ute kvar dag heile året, i all slags vær • Vi er på turar i nærmiljøet • Vi sorterar avfallet vårt dagleg • Vi plukkar søppel • Vi gir barna kunnskap om kroppen og kroppen sine funksjonar • Vi har konstruksjonsleikar slik som duplo og treklossar på avdelinga • Vi gir barna tid og høve til å delta i samtalar om det dei har erfart og lært 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar naturen til lek, undring og læring • Vi har tur dagar og brukar nærmiljøet vårt aktivt • Vi har fokus på årstider og deira endringar • Vi har fokus på dag, dato, månad og år • Vi har fokus på lokale fuglar, insekt og dyr • Vi plukkar søppel ute på tur og vi sorterar avfallet vårt kvar dag • Vi gir barna kunnskap om kroppen og kroppen sine funksjonar og om liv og død • Vi har konstruksjonsleikar som lego og duplo • Vi gir barna tid og høve til undring og utforsking av ulike naturfenomen og enkle eksperiment
Mengd, rom og form	<ul style="list-style-type: none"> • Vi bruker matematiske begrep som sirkel, rektangel og trekant 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi bruker matematiske begrep som sirkel, rektangel og trekant

	<ul style="list-style-type: none"> • Vi teller saman med barna • Vi legg til rette for puslespill og lotto • Matematikk i dei daglege rutineane, slik som sortering i ryddetid og begrep som størrelse og avstand. • Songar og regler • Samlingstunder med former, antal, tal og regler 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi tel saman med barna • Vi legg til rette for spel og puslespel • Vi utfordrar barna på enkle matematiske oppgåver • Matematikk i dei daglege rutineane, slik som sortering i ryddetid og begrep som størrelse og avstand. • Songar og regler
Etikk, religion og filosofi	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er lydhøre for barna sine verbale og nonverbale uttrykk og meiningar • Vi hjelper barna til å sette ord på eigne og andre sine kjensler • Vi hjelper barna i konflikhtar • Vi undrar oss i lag med barna • Vi møter barna sine spørsmål med alvor og respekt • Vi lar barna få kjennskap til ulike høgtider og merkedagar som er representert i barnehagen 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er lydhøre for barna sine meiningar • Vi hjelper barna til å sette ord på eigne og andre sine kjensler • Vi rettleiar barna i konflikhtar • Vi undrar oss i lag med barna • Vi lar barna få tid til å filosofere over tema som tru og etikk og er lydhøre for deira tankar • Vi møter barna sine spørsmål med alvor og respekt • Vi lar barna få kjennskap til ulike høgtider og merkedagar som er representert i barnehagen
Nærmiljø og samfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar nærmiljøet aktivt, gir barna kjennskap til bygningar, arbeidsstader og lokale namn • Vi legg til rette for ulik type rolleleik • Vi har fokus på likestilling og at alle skal få like høve. • Vi har fokus på eit inkluderande miljø som motverkar mobbing og rasisme. For å 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er på turar i nærmiljøet. • Vi formidlar lokalhistorie og lokale tradisjonar • Vi har fokus på likestilling og at alle skal få like høve. • Vi har fokus på eit inkluderande miljø som motverkar mobbing og rasisme. For å

	<p>arbeide med dette må personalet observere, rettleie og støtte barna i deira kvardag</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi sorterer avfallet vårt.	<p>arbeide med dette må personalet observere, rettleie og støtte barna i deira kvardag</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi sorterer avfallet vårt og plukkar søppel når vi er på tur• Vi gjer barna kjende med barnekonvensjonen
--	---	--

Barnehagen som pedagogisk verksemd - Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.

Område	Barnehagen skal	Slik gjer vi det i barnehagen
Planlegging	Gjennom planlegging synleggjere korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av barnehagen.	<ul style="list-style-type: none"> • Vi diskuterer og kjem til felles forståing om ulike tema på personalmøte ei gong i månaden. • Vi lagar årsplan ut frå Rammeplan for barnehagen • Vi lagar månadsplan ut frå kva tema det er naturleg å ha i månaden som kjem, ut frå barna si interesse, årstid eller vær.
	Basere planlegginga på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har avdelingsmøte ei gong i veka, her vert veka og månaden planlagt etter kva barnegruppa og enkeltbarn er opptatt av. • Vi har tilbod om utviklingsamtalar haust og vår. • Open dialog med foreldra dagleg og/eller ved behov. • Rom for medverknad frå både barn og foreldre
Vurdering	Regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet	<ul style="list-style-type: none"> • Vurderer det pedagogiske arbeidet på avdelingsmøte, pedagog-møte og personalmøte • Vi har foreldreundersøking (Udir) kvar haust • Vi går gjennom årsplanen kvar vår for å evaluere til dømes; erfaringar med planen, observasjonar av barnegruppa, refleksjon i personalgruppa, innspel frå foreldre og barn
Dokumentasjon	Dokumentere korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjonen skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.	<ul style="list-style-type: none"> • Vi tar bilete av ulike aktivitetar og hendingar og legg ut som dagbok på Visma Flyt barnehage • Vi lagar minnebok for kvart barn for å dokumentere barnehagekvardagen deira • Vi dokumenterer avvik og bekymringar • Vi brukar TRAS ved behov • Vi brukar ALLE MED! ved behov

Kalender

Kalender	
Oversikt over viktige aktivitetar og kulturhendingar i barnehagen dette året. I tillegg kjem det informasjon på månadsplanar om ulike hendingar gjennom året.	
Dato	Innhald
August	Planleggingsdag 12.august
August	Planleggingsdag 13.august
September	Foreldremøte
Oktober	Foreldresamtalar
Oktober	Planleggingsdag 18.oktober
Desember	Markere Lucia
Desember	Nissefest/Nissedag
Januar	Bamsedagen 13.januar – NB! berre Bygland barnehage
Februar	Karneval
Mars	Barnehagedagen, Byglandsfjord barnehage kjem opp til Bygland
April	Påskelunsj
Mai	Gå i tog saman med skulen før 17.mai
Mai	Planleggingsdag 2.mai
	Planleggingsdag 30.mai
Mai	Skuleinnskriving/førskuledag
Juni	Førskulebarna på tur til Mineralparken – begge barnehagane i lag
Juni	Bygland barnehage på besøk til Byglandsfjord barnehage
Juni	Førskulegruppa på gåtur saman med skulen
Juni	Sommarfest/sommaravslutning
Juli	Sommarstengt barnehage/SFO veke 29+30+31

